

Handlingsplan for vitenskapleg publisering for Høgskulen i Sogn og Fjordane

Vedteken i fou-utvalet 12. juni 2009

Revidert av rektor oktober 2009

1. Auke dei generelle ferdigheitene i forskning og utviklingsarbeid

- a. HSF skal framleis satse sterkt på formell forskingsutdanning gjennom doktorgradsløp, fordi det er ein klar samanheng mellom formell forskingskompetanse, dvs. doktorgrad, og publiseringsfrekvens.
 - i. Utdanning av forskingskvalifisert personale gjennom doktorgradsløp skal vere ein hjørnestein i HSF sin langsiktige strategi for å auke publiseringsfrekvensen hos dei tilsette.
 - ii. Høgskulen skal samtidig leggje til rette for at dei som ønskjer det, kan få kvalifisere seg til opprykk til stilling som førstelektor (og dosent).
- b. HSF skal rekruttere forskingskompetent personell ved å lyse ut toppstillingar på sentrale fagområde og leggje vekt på forskingskompetanse ved tilsetjingar i faglege stillingar
 - i. Avdelingane og fagmiljøa skal leggje vekt på behovet for fou-kompetanse ved alle stillingsutlysingar og tilsetjingar. Tilsetjingutvalet har plikt til å sjå etter at dette vert gjort.

2. Auke dei spesielle ferdigheitene med å presentere fou i publisierbar form

- a. HSF skal auke dei tilsette sine ferdigheiter i akademisk artikkelskriving. Akademisk artikkelskriving er ein eigen sjanger, som føreset at ein er orientert mot internasjonale debattar i faget/på forskingsområdet og respekterer dei framstillings- og formkrava som ligg i artikkelformatet.
 - i. Høgskulen vil gje doktorgradsstudentar, ferdige doktorar og andre publisierende fagfolk ved HSF høve til å ta kurs i akademisk artikkelskriving.
 - ii. Det skal stimulerast til at utviklingsarbeid ved Høgskulen i større grad vert dokumentert gjennom teljande publisering

3. Utvikle råstoffet for publiseringsaktivitet ved å auke omfanget av relevant forskning

- a. HSF ser avdelingane si tildeling av fou-tid som ein viktig ressurs i fou-samanheng. Bruken av denne ressursen må derfor målrettast.
 - i. ved tildeling av intern fou-tid skal avdelingane leggje vekt på aktivitetar som kan føre fram til publiserbare artiklar.

- b. HSF skal framleis ha som mål å auke omfanget av eksternt finansierte verksemd. Der er eit mål at også slik verksemd skal publiserast på måtar som gjev poeng.
 - i. Det er eit sjølvstendig mål å auke omfanget av eksterntfinansierte fou. For publiseringa sin del er det viktig å skaffe oversyn over slik fou og stimulere til publisering undervegs eller i etterkant. Administrasjonen blir beden sjå på i kva grad ekstern fou blir publisert i teljande form, og eventuelt foreslå stimuleringstiltak.
- c. HSF skal vurdere institusjonen sin ressursbruk til forskning.
 - i. Det skal vurderast om det blir teke nok omsyn til fou i den interne ressursfordelingsmodellen, og om modellen gjev tilstrekkelege insentiv til avdelingane for at dei skal prioritere fou.
 - ii. Effekten av ordninga med fou-leiing skal særskilt vurderast

4. Strategisk tilrettelegging for publisering

- a. HSF ser publisering av antologiar og monografiar som tenlege former for å presentere fou frå fagmiljøa våre på ein måte som gjev uttelling.
 - i. Forskingsleiarane ved HSF vert oppmoda om å utvikle høvelege antologiprojekt for sine fagmiljø.
 - ii. Høgskulen vil prøve å få til eit samarbeid med eit registrert fagbokforlag for å publisere kvalitetssikra antologiar, monografiar og rapportar i ein eigen serie.
 - iii. Forskarar ved HSF bør om mogleg publisere sine forskingsarbeid gjennom vitskapleg publiseringsskanalar som godtek parallellpublisering i institusjonens arkiv. Parallellpublisering skal skje i HSF sitt institusjonelle arkiv, HSF Brage.

5. Konkretisere organisasjonen sine strategiar og målsetjingar for publisering.

- a. HSF skal ha auka publisering som ein hovudstrategi. Institusjonsleiinga set opp avdelingsvise målsetjingar for publiseringssverksemda i 2010-2011
 - i. Det vert lagt opp til toårige målsetjingsperiodar for at ikkje kortsiktige svingingar skal slå ut for mykje.
 - ii. Basert på historiske data er eit mål med 5 årlege publiseringsspoeng for AHF, ASF og AØR, og 7,5 poeng for AIN og ALI rimelege. Dette vil gje 30 poeng, eller 50% auke frå 2008 i snitt for 2010-2011.

6. Auka merksemd og anerkjening til dei som publiserer.

- a. HSF skal markere publiseringar gjennom omtale på HSF-veven, pressemeldingar og ved interne markeringar
 - i. Dei informasjonsansvarlege ved avdelingane skal gje alle teljande publikasjonar omtale på HSF sine eksterne og interne vevsider, og syte for at det blir laga pressemeldingar i høve publikasjonar som kan ha allmenn interesse
 - ii. Det vert oppretta ei ordning med at tilsette som oppnår 3 publikasjonsspoeng eller meir i løpet av eit år får ei merksemd frå institusjonen eller avdelinga, t.d. eit publiseringssdiplom.

- b. Ei direkte bonusordning bør innarbeidast i ressursfordelingsmodellen ved HSF. Teljande publikasjonar bør belønnast med ein bonus. Midlane kan brukast til faglege driftsmidlar eller frikjøp av tid